



Trioen får Universitetet i Bergen ved elva saman med Arne Terje Haugland. Dei er (frå høgre) Helge Skoglund, Bjørn Torgeir Barlaup og Arne Johannessen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er mindre gytefisk i Uskedalselva enn i fjor på denne tida, både av aure og laks. Forskar Bjørn Torgeir Barlaup ved UNIFOG, Universitetet i Bergen, trakk denne konklusjonen for uskedalen.no etter å ha saumfart elva frå Fjellandsbøvatnet til fjorden måndag saman med kollega Helge Skoglund. Tredjemann på laget var Arne Johannessen. Deira oppdragsgjevar er miljøvernavdelinga hos fylkesmannen i Hordaland.

Det er ingen grunn til å tvila på observasjonane deira, for Bjørn Torgeir og Helge var iført froskemansdraktar og såg elva frå fisken sin synsstad! Etter kvar kulp av elva noterte dei ned det dei hadde sett av fisk og plotta "fangsten" inn på kart..

I tida like før gytinga fartar dei frå elv til elv og tirsdag kjem turen truleg til Hattebergselva hvis vassføringa ikkje er for stor. Også Omvikdalelva står på programmet tirsdag.

An andre konklusjonar frå Uskedalselva kan nemnast var at det var mykje meir fisk ovafor enn nedafor Heiabrua og at det var svært mykje laksyngel å sjå – meir enn i fjor. Men laks mellom ein og tre kilo var det lite av. Ein gledeleg observasjon som karane gjorde var at det omtrent ikkje var sopp å sjå på fisken.

Den største laksen dei såg vog mellom 12 og 15 kilo og vart observert i Gravehølen medan den største auren truleg var seks-sju kilo og vart observert på Kjerland. Dei store laksane dei såg var gledeleg nok vill-laksar

- Det har aldri vore så mykje laks i Uskedalselva som no, sa oppsynsmann og veteranfiskar i elva Arne Terje Haugland til trioen frå Bergen. Barlaup slo fast at kalkinga her kjem inn som ein viktig, stimulerande faktor.

Det er også ei anna gruppe som fartar rundt i elvane no om dagen – dei som driv telling av yngel ved hjelp av elektrisk fiske. Dei er også venta til Uskedalselva med det aller første.


Arne Terje Haugland berømmer dei som har som oppgåve å skaffa ein mest mogeleg eksakt oversikt over korleis fisken har det i elvane våre - med tanke på nødvendige tiltak..

- Dei er svært pliktoppfyllande og gjer ein kjempejobb, seier han og minner om at duoen måndag starta klokka ni ved Fjellandsbøvatnet og ikkje var nede ved Rabben før 10 timar seinare.

Men jobben var nok likevel ikkje nokon stressoppgave for dei to.

- For oss er dette haustens store eventyr, sa Bjørn Torgeir Barlaup til uskedalen.no.

Av Ola Matti Mathisen



Bjørn Torgeir Barlaup og Helge Skoglund nærmer seg brua i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)